



# Vang kommune

## Etat for landbruk og teknisk

Terje Eldegard

Tyinvegen 6882

2977 ØYE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LUNING -20/438 -4

Arkiv:

2020002,  
Reikesteinsøddin, 31,  
L12, 9002/30, 2/198

Vår dato:

17.07.2020

### Referat fra oppstartsmøtet - Planendring for Reikesteinsøddin

#### Referat fra oppstartsmøte

Namn og planident til planen	Reikesteinsøddin 2020002
Møtedato	16.07.2020
Møtedeltakarar	Ola K. Strand, Tere Eldegard, Knut Vidar Svanheld og Ingeborg Lunde
GNR/BNR	9002 / 30
Føremålet til planen	VA-plan, areal til reinseanlegg, arealformål gnr/bnr 2/198.

#### Plantype: Detaljregulering

#### Avgrensinga til planen

Planen vil erstatte følgjande planar i heilskapen sin	2015008 - Reikesteinsøddin
---	----------------------------

#### Planendring

Ynskte endringar i høve til gjeldande planar; <b>Hovudføremål</b>	- VA-plan - Areal til reinseanlegg - Endra arealformål på gnr/bnr 2/198
--	---

Ynskete endringar i høve til gjeldande planar; Andre føremål	- Hytta si møneretning
--	------------------------

## Viktige utgreiingsbehov og avklaringar i oppstartsmøtet

### VA-plan

- Undersøk om det er lagt opp til reservekapasitet i reinseanlegget.
- Legg inn føresegn i planen slik at det går tydleg fram kva tomter som har lov til innlagt vatn og kva tomter som ikkje har det.
- Viser elles til eige oppstartsmøte for VA-plan den 21. november 2019.

### Hytta si møneretning

Forslagstiller ynskjer at det skal vere mogleg å etablere takutstikk på hytte, til dømes slik at 1/3 av møneretninga kan stå vinkelrett på hovedmøneretning. Kommunen vil vere varsom med å opne opp for bygg som blir meir synlege i terrenget. Området ligg på snaufjellet og det er eit ynskje at hyttene skal gjere minst mogleg ut av seg. Det vil bli vurdert om ein kan endre føresegn 1.3 i gjeldande plan, dette for å gje tydlege føringar på kva som er lov og ikkje og for å sikre at hyttene ligg fint i terrenget.

### Gnr/bnr 2/198

I arbeid med planen vil ein vurdere å endre arealformål til kombinert Fritids- og turistformål og fritidsbebyggelse. Kommunen er positiv til det, det må bli stilt same krav til utnytting og utforming som det står i føresegn 1.9 i gjeldande plan.

### Reinseanlegg

Areal til reinseanlegg. Arealet sin storleik må samsvare med behov som kjem fram i VA-plan.

### Ei-ladepunkt

Forslagstiller ser det attraktivt å leggje til rette for ladepunkt for elbilar nede ved parkeringsplass ved innkjøring til hyttefeltet. Kommunen er positiv til at det i planen blir opna opp for dette. Storleiken på parkeringsplass i gjeldande plan er vurdert til å vere tilstrekkeleg.

### Oppmåling av 7 tomter

Det er 7 tomter innanfor planområdet som er etablert ved skylddeling. Desse tomtene kjem nært regulerte vegar. Kommunen vurderar det slik at desse tomtene må målast opp før oppstart av planarbeidet. Det vart i møtet avtalt at tiltakshavar avklarar med tomteeigar kven som rekvirer og betalar for slik oppmåling. Dette skal avklarast før varsel om planoppstart. Gebyr for oppmåling er 8000 kr for gamle umålte tomter. Mottek kommunen rekvizjonene samla for desse 7 tomtene vil det vere mogleg å redusere prisen per tomt til 6000 kr.

### Handtering av overvatn

Det bør inn ei førsegn om dette, i samsvar med VA-plan og kommuneplan føresegn 6.3.

### Gjeldande SOSI versjon 4.5.2 skal nyttast

Kart i SOSI versjon 4.5.2 kan bestillast på Infoland.

## Felles behandling av plan og byggesak

Ikkje aktuelt.

## Nasjonal mal for reguleringsplanar

Nasjonal mal for reguleringsplanar skal nyttast.

## ROS analyse og planskildring

Må følgje med planforslaget.

## **Konsekvensutgreiing/planprogram**

Det bli ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing/planprogram.

## **Kart**

Planframstilling vil vere som digitalisert plankart (SOSI-standard 4.5.2).

## **Framdrift**

Planlagt dato kunngjering av planoppstart	August/september (etter rekvisisjon av oppmålingsforretning)
--	--

## **Plangebyr**

Handsaming av planforslag blir gebyrlagt i samsvar med Vang kommune sitt gebyrregulativ. Det er vurdert at omfanget av denne reguleringsendringa ikkje er større enn at Vang kommune tek 50% av gebyr for ny plan. Dette betyr at gebyr for endringa vil vere 18 000kr.

## **Stadfesting og etterhald**

*Vi gjer merksam på at førehandskonferansen har karakter som gjensidig orientering og at han ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotester, utsegner frå offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av sakshandsamingsprosess.*

Med helsing

Ingeborg Lunde

Arealplanleggjar

Dir. tlf.: 61369484

E-post: [ingeborg.lunde@vang.kommune.no](mailto:ingeborg.lunde@vang.kommune.no)

**Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.**